

Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF

Tid: **02.09.2020, kl. 12:00-15:45**
Møtestad: **Nordfjord Hotell, Nordfjordeid**

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Arthur Norevik	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Mariann Hundsnæs	Varamedlem tilsette

Forfall: Randi Aven, Audun Nedrebø

Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern
Trine Hunskaar Vingsnes, direktør Medisinsk klinikk
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk
Øystein Helleseeth, økonomidirektør
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Arne Skjelten, HR-direktør
Evy-Helen Helleseeth, fagdirektør
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør
Jon Gresseth, Arntzen de Besche (video)

Sakliste

- 046/2020 Godkjenning av innkalling og dagsorden
- 047/2020 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 19.06.2020
- 048/2020 Administrerande direktør si orientering
- 049/2020 Rapportering frå verksemda per juli 2020
- 050/2020 Møteplan og årsplan 2021 for styret i Helse Førde HF
- 051/2020 Styrende dokument – oppdatering av vedtekter og instruks for administrerande direktør

Saker til orientering:

- 052/2020 Bierverv i Helse Førde - status
- 053/2020 Eventuelt
Skriv og meldingar

Lukka del:

- 054/2020 Lønsforhandling 2020 – fullmakt
- 055/2020 Nye Førde sjukehus

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, administrasjonen og andre deltakarar velkommen til dagens styremøte ved Nordfjord Hotell.

046/2020 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden

Styremedlem Randi Aven og brukarrepresentant Audun Nedrebø hadde meldt forfall.

Varamedlem Mariann Hundsnes var innkalla til styremøte.

Styret kommenterte at sak 055/2020 var lagt i anna mappe i Admincontrol.

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

047/2020 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 19.06.2020

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 19.06.2020.

048/2020 Administrerende direktør si orientering

Adm. direktør Varden innleia om tilleggspunkt til rapporteringa:

- Lege smitta av MRSA
- Hending ved Nordfjord sjukehus
- Løypemelding Prehospital plan
- Løypemelding personalsak (Uoff, jf Helseføretakslova §26 a, 2. ledd)

1. Rapportering tilsynssaker

2. Oversikt over aktuelle høyringar

3. Saker til oppfølging etter styremøte

4. Korona – status i Helse Førde

Adm. direktør Varden orienterte om status korona i Helse Førde.

- Helse Førde har fått eigen smittevernlege
- Akuttmottak 2
- Vi fortset med tilgangkontroll
- Kurs/møteverksemd – det er signal om at vi skal minimalisere kurs og møteverksemd
- Godt samarbeid med kommunane og andre føretak
- 3 positive siste 8 veker
- 2 i karantene (per 29.8.)
- Ingen innlagt med covid-19
- For tida har vi tilfredsstillande lager med smittevernustyr

Testkriterium, transportlogistikk og analysekapasitet er utfordringar.

5. Rapportering Synergi-saker

Var orientering i sak 049/2020 Rapportering frå verksemda per juli 2020.

6. Covid-19 – positiv vikar/ MRSA positiv

Fagdirektør Helleseeth orienterte om:

Vikar ved Nordfjord sjukehus som testa positivt på covid-19 den 26. juni.

- Smittesporing
- Tett samarbeid med kommuneoverlegar i regionen
- Evaluering førte til ny rutine for handsaming av smitteutbrot inkludert samhandling med kommunane
- Helse Førde følgjer gjeldande tilråding frå Folkehelseinstituttet (FHI)

MRSA – manglande testing av nyttilsett

- Rutinesvikt førte til at bakteriesmitta lege ikkje vart testa
- Legen vart umiddelbart tatt ut av teneste
- Test utført med positivt svar
- Gjennomgang av rutinar

7. Tiltakspakke for vedlikehald og utbetring av sjukehusbygg

Adm. direktør Varden orienterte om at Helse Førde har fått tildelt 10,7 millionar kroner i tiltakspakke for vedlikehald og utbetring av bygg. Kriterium for dei prioriterte prosjekta er:

- Relevante prosjekt som ikkje har nådd opp i tidlegare prioriteringar
- Prosjekt som kan gjennomførast i 2020
- Prosjekt som ikkje krev tunge anbudsprosessar
- Geografisk spreing i heile fylket
- Stor del arbeidstimar og mindre del utstyrsleveransar

8. Prehospital plan – løypemelding

Direktør Guldhav orienterte om Prehospital plan

Lukka del:

Helseføretakslova § 26 a, 2. ledd, nr 2 og 4

9. Personalsak – løypemelding

Open del:

Vedtak (samrøystes):

Styret tek meldingane til orientering.

049/2020 Rapportering frå verksemda per juli 2020

Oppsummering:

Adm. direktør Varden innleia rapporteringa med si vurdering

- Aktiviteten i juli var høg tatt i betraktning den ekstraordinære situasjonen knytt til pandemien.
- Resultatet i juli vart eit overskot på 3,6 millionar, som er 0,2 millionar lågare enn budsjett
- Til no i år er resultatet eit overskot på 25 millionar, som er 8,1 millionar betre enn budsjett
- Vi har valt å periodisere «covid19-løyvinga», slik at den kjem fram som inntekt kvar månad
- Økonomiske konsekvensar av covid-19 er estimert til 56 millionar per juli
- Vi har sidan før sommaren, pga få smitta pasientar i vårt område og svært krevjande driftsform, sett at vi kan redusere storleiken på akuttmottak 2/ kohorten når smittepresset er lågt
- Sjukefråværet i juni var 5,3 prosent. Nedgang er knytt til både kort- og langtidsfråvær

Fagdirektør Hellesteth orienterte om: Kvalitet og pasientryggleik

- Synergi, i perioden januar til juni var det totalt innmeldt 1457 saker.
- Synergi, klassifisert basert på leiinga sin vurdering
- Synergi – risikovurdering
- Prosedyre for risikovurdering i synergi er sett i gang. Ved sakshandsaming må leiar risikovurdere. Det blir laga prosedyre for riktig kategorisering. Oversikt 38 kritiske saker vart presentert.
- Trygg kirurgi
- Trygg pleie – fall
- Trygg pleie – trykksår
- Trygg pleie – ernæring
- Gjennomsnittleg ventetid og totaløkø
- Fristbrot, 254 nye i juli, tilsvarar 15,4 prosent auke
- Korridorpatientar, viser 0,7 prosent, måltal er 0 prosent
- Akuttmottak
- Utsending av epikrise
- Ikkje møte – oversikt

Økonomidirektør Hellesteth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi

Aktivitet i somatikk viser 224 DRG poeng bak budsjettet.

Samla sjukefråvær i juni var 5,3 prosent, og dette er svært gledeleg tal. Brutto månadsverk i perioden var 2548 og netto månadsverk var 2146.

Resultat i perioden var eit overskot på 3,6 millionar, som er 0,2 millionar lågare enn budsjett. Til no i år er resultatet eit overskot på 25 millionar, som er 8,1 millionar betre enn budsjett.

Budsjettendring knytt til covid-19:

- Estimert økonomiske effekt covid-19 viser 56 millionar kroner
- Utvikling lønskostnader viser budsjettavvik på 6,1 millionar kroner

Budsjettprosessen pågår. Basisramma for 2021 vert redusert med 6,1 millionar kroner, grunna nedgang i folketalet.

Styret etterspør:

- *Ei orientering om budsjettarbeidet i neste styremøte*
- *Synergi-rapport med kritiske saker til orientering i eit seinare styremøte*

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktørs rapportering frå verksemda per juli 2020 til vitende.

050/2020 Møteplan og årsplan 2021 for styret i Helse Førde HF

Oppsummering:

Forslag til møteplan legg opp til åtte styremøter og to styreseminar i 2021. Styremøta vert planlagt å halde ved institusjonane. Grunna korona-pandemien kan det verte endring av møtestad, grunna gjeldande smittevernreglar frå Folkehelseinstituttet.

Helseføretakslova § 26 a fastset at det skal vere møteoffentlegheit ved helseføretaka sine styremøter. Styret kan vedta å handsama ei sak for lukka dører dersom det føreligg eit reelt og sakleg behov og vilkåra i Helseføretakslova § 26 a er oppfylt.

Styret drøfta møteplanen.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Førde HF godkjenner møteplan 2021:

Møteplan 1. halvår	
Møtedato	Møtestad
Fredag 29. januar	Førde, FSS
Fredag 26. mars	Førde, FSS
Måndag 31. mai	Sogndal, ISP
Måndag 21. juni	Lærdal, LSH
Møteplan 2. halvår	
Onsdag 1. september	Førde <i>*fellesmøte m/Helse Vest RHF</i>
Fredag 29. oktober	Førde/ Kyrkjebø
Torsdag 25. november	Førde, FSS
Fredag 17. desember	Førde, FSS

2. Styreseminar (kveld) vert i samband med styremøte i mars og november 2021.
3. Styret i Helse Førde HF godkjenner årsplan 2021, med korrigert møtedato, i samsvar med vedtak punkt 1.

051/2020 Styrande dokument – oppdatering av vedtekter og instruks for administrerande direktør

Oppsummering:

Det blei gjort endringar i Helse Førde sine vedtekter i føretaksmøtet 25. juni 2020. Endringane gjeld § 3 om hovudkontor og § 9 om sal av fast eigedom.

- § 3 er endra til «*Helse Førde HF har sitt hovedkontor i Sunnfjord kommune*».
- § 9 er endra til «*Vedtak om å pantsette eller avhende fast eiendom treffes av foretaksmøtet i Helse Førde HF etter forslag fra styret i henhold til reglene i helseføretaksloven § 31, jf. § 10.*

Styret i Helse Førde HF kan likevel beslutte avhending av fast eiendom når eiendommen er verdsatt til under 10 millioner kroner.»

Etter innspel i styremøte 19. juni 2020 gjer administrerande direktør framlegg om å endre AD-instruksen punkt 3, tredje avsnitt og punkt 4.10 som følgjer:

Nytt punkt 3, tredje avsnitt:

«Administrerende direktør representerer føretaket i saker som fell inn under AD sitt mynde, jf. helseføretakslova §§ 37 og 39. Dette inneber at administrerende direktør representerer føretaket i saker som høyrer inn under den daglege leiinga i føretaket.»

Nytt punkt 4.10:

«Administrerende direktør har gjennom denne instruksjonen fått delegert fullmakt til å fremje sivile krav på vegner av føretaket. I AD sitt fråvær har den som fungerer i hans/hennar stad tilsvarande mynde. Styreleiar skal orienterast om alle vesentlege saker.»

Styreleiar Landstad orienterte om oppdatering av styrande dokument.

Framlegg til vedtak:

1. Styret tek til vitende endring i vedtektene § 3 om hovudkontor og § 9 om sal av fast eigedom.
2. Styret vedtek administrerende direktør sitt forslag til endring av AD instruksjonen punkt 3, tredje avsnitt og punkt 4.10 om påtalekompetanse.

Nytt punkt 3, tredje avsnitt skal lyde:

«Administrerende direktør representerer føretaket i saker som fell inn under AD sitt mynde, jf. helseføretakslova §§ 37 og 39. Dette inneber at administrerende direktør representerer føretaket i saker som høyrer inn under den daglege leiinga i føretaket.»

Nytt punkt 4.10 skal lyde:

«Administrerende direktør har gjennom denne instruksjonen fått delegert fullmakt til å fremje sivile krav på vegner av føretaket. I AD sitt fråvær har den som fungerer i hans/hennar stad tilsvarande mynde. Styreleiar skal orienterast om alle vesentlege saker.»

Styret hadde følgjande tilleggspunkt:

Styret ber Helse Vest om at vedtektene for Helse Førde vert omsett til nynorsk.

Votering:

Adm. direktør sitt framlegg til vedtak, med styret sitt tilleggspunkt, vart samrøystes vedteke.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tek til vitende endring i vedtektene § 3 om hovudkontor og § 9 om sal av fast eigedom.
2. Styret ber Helse Vest om at vedtektene for Helse Førde vert omsett til nynorsk.
3. Styret vedtek administrerende direktør sitt forslag til endring av AD instruksjonen punkt 3, tredje avsnitt og punkt 4.10 om påtalekompetanse.

Nytt punkt 3, tredje avsnitt skal lyde:

«Administrerende direktør representerer føretaket i saker som fell inn under AD sitt mynde, jf. helseføretakslova §§ 37 og 39. Dette inneber at administrerende direktør representerer føretaket i saker som høyrer inn under den daglege leiinga i føretaket.»

Nytt punkt 4.10 skal lyde:

«Administrerende direktør har gjennom denne instruksjonen fått delegert fullmakt til å fremme sivile krav på vegner av føretaket. I AD sitt fråvær har den som fungerer i hans/hennar stad tilsvarande mynde. Styreleiar skal orienterast om alle vesentlege saker.»

Saker til orientering:

052/2020 Bierverv i Helse Førde - status

Oppsummering:

Rapportar viser auke i tal registrerte bierverv i 2020 samanlikna med 2019. Det blir i klinikkane sine leiargrupper informert om retningsliner for bierverv. HR vil halde fram rutinen med å sende årleg rapport med oversikt over bierverv i klinikk til nivå 2-leiar, samt arbeide med å få korrekt registrering av bierverv. Retningslinene knytt til bierverv vert vidareført. Det er ikkje kome tilbakemeldingar til Helse Førde frå Riksrevisjonen i samband med kontrollen av helseføretaka si handtering av bierverv.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerende direktør si orientering om bierverv i Helse Førde til vitende.

053/2020 Eventuelt

Adm. direktør Varden orienterte om at leiinga sin årlege gjennomgang av informasjonssikkerheit vert ei fast styresak frå 2021.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var utsendt til styret:

- Brev til Helse- og omsorgsdepartementet vedr. «Høyring av Autisme- og Tourettesutvalgets innstilling NOU 2020:1 – Tjenester til personer med autismespekterforstyrrelser og til personer med Tourettes syndrom», datert 26.06.2020
- Referat frå møte i felles brukarutval 03.06.2020
- Rapport «Leiingas årlege gjennomgang av informasjonssikkerheit 2019 for Helse Førde»
- RHF-styresak 098/20 Regional plan for psykisk helse - handlingsplan
- RHF-styresak 100/20 Interregional utgreiing av organisering av pasientreiseområdet – felles styresak

Lukka del:

Helseføretakslova § 26 a, 2. ledd, nr. 2

054/2020 Lønsforhandling 2020 - fullmakt

Landstad, Faugstad, Espeland, Sandal, Krakhellen, Vingen Vedeld, Eriksen, Varden og Skjelten deltok ved handsaming av saka.

HR-direktør Skjelten orienterte om lønsforhandlingar.

Vedtak (samrøystes):

Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjennomføre lønsforhandlingar i tråd med resultatet i konkurranseutsett sektor, kommune og stat og innanfor ansvarlege økonomiske rammer.

055/2020 Nye Førde sjukehus

Prosjektdirektør Solhaug orienterte om kort driftsmessig status i Nye Førde sjukehus:

- *Dagabygget*
- *Samhandling for Livabygget og heilskapen*
- *Gjennomføringsplan*
- *Status kalkyle heilskap og vidare framdrift*
- *Forankring av avgjerd om heilskapen*

Adm. direktør Varden orienterte om behov for å skaffe tryggleik rundt anskaffinga.

Styret drøfta saka.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret ber administrerande direktør arbeide vidare med å trygge funksjonsmessig og økonomisk forsvarleg måte å gjennomføre ei utbygging av Livabygget i åtte etasjar.
2. Styret ber administrerande direktør gjennomføre ei intensjonskunngjering for å trygge anskaffinga som er gjennomført for Nye Førde sjukehus.

Ref. Berit Irene Haarklau

Agnes Landstad
Styreleiar

Anne Sissel Faugstad
Nestleiar

Aud Ingrid Espeland

Reidar Sandal

Ole Gunnar Krakhellen

Thomas Vingen Vedeld

Ivar Eriksen

Arthur Norevik

Ole-Magnus Kapstad

Lena Thorsnes

Mariann Hundsnes
Varamedlem tilsette